


EINAR COLUMBUS SALVESEN

MAKT OG AVMAKT

OMSORGSOVERTAKING: DYSFUNKSJONELLE
TREKK VED BARNEVERNSSYSTEMET?



Det er gjennom tida utarbeidd eit imponerende system av statleg og kommunalt regelverk, institusjonar og tiltak for å sikre flest mogleg barn best mogleg omsorg. Ideala er skyhøge og intensjonane dei aller beste. Der det finst meiningar eller kunnskap om at barn ikkje blir tekne godt nok vare på, kan barnevernstenesta gå til akutt eller planlagd overtaking av omsorga.

Barn blir fjerna frå dei biologiske familiane sine og plasserte i beredskapsheimar, fosterfamiliar eller institusjonar. I ein god del tilfelle er grunngevinga velfundert og openberr. Vi veit det finst hjarteskjerande tilfelle der barn er offer for grov omsorgssvikt, vald eller overgrep. I desse sakene er vi glade for at det finst eit handlekraftig barnevern her i landet.

Som sakkunnig oppnemnd av rettsapparatet og barnevernet, som fagkunnig meddommar, gjennom samarbeid og rettleiing av barnevernkontor, i tillegg til å ha eigen klinisk praksis, har eg gjennom fleire år fått detaljkunnskap i ei rekke einskildsaker, og erfaring med korleis barnevernet fungerer i alle ledd. Med dette som bakteppe ynskjer eg å stille følgjande spørsmål:

Blir mange barn tekne ut av heimane på feil grunnlag, og i så fall kor mange? Manglar barnevernet den nødvendige kompetansen når det skal greie ut omsorgssituasjonen i heimane? Er det også svikt i resten av sikringsmekanismene, til dømes i sakkunnige utgreiingar og i rettsvesenet, som fører til at barn blir tekne frå heimane på eit for tynt eller rett og slett feil grunnlag – og med det resultatet at dei ikkje blir tilbakeførte til dei biologiske foreldra?

NASJONAL BEKYMRINGSMELDING

Ambisjonane om å sikre barn best mogleg omsorg dreier seg nemleg om langt fleire saker enn dei mest alvorlege tilfella. Eit stort fleirtal av omsorgsovertakingane skjer som ei følgje av manglande omsorgskompetanse hjå biologiske foreldre. Kva nemninga «manglande omsorgskompetanse» skal romme, er

sjølvsagt ikkje eintydig, og arbeidet med å vurdere og fatte vedtak knytte til desse overtakingane er langt meir krevjande og utfordrande, fallgruvene er djupe og mange. Og det er menneske innanfor meir og mindre velfungerande system som skal styre prosessane. Det er lett å trø feil. Kor dramatisk og traumatisk ei omsorgsovertaking er for dei familiane som blir råka, kan ikkje overvurderast. Bortsett frå bruk av tvang i psykiatrien finst knapt andre område i samfunnet enn barnevernet der staten kan gripe så drastisk inn i den private sfæren til menneska. Barnevernet si oppgave er difor særleg krevjande og fordrar høg kompetanse på ei rekke område.

Det norske barnevernet er i offentleg politikk og forvaltning – og i det store og heile – svært velfungerande, ifølgje einskilte forskarar, verdas beste. Iveren etter å gjere barnevernet til eksportvare er stor. Motsatt finst mange, både fagfolk og familiar, med heilt andre erfaringar. Desse erfaringane, og bekymringane, prøver vi å løfte fram og forhalde oss til med konstruktive forslag og innspel.

Oppropet «Bekymringsmelding om barnevern», eller Den nasjonale bekymringsmeldinga, som tidlegare barne- og likestillingsminister Solveig Horne har kalla henne, og som vart overrekt til regjeringa i 2015, var signert av over 200 fagfolk (underteikna inkludert). Der heiter det at «Situasjonen i norsk barnevern er dypt foruroligende. Som fagpersoner og ansvarlige samfunnsborgere føler vi et ansvar for å si klart og tydelig fra at en lang rekke barn – hvor mange vet ingen – med dagens system utsettes for grov uforstand og overgrep».

Oppropet har fått brei støtte og bygger på kunnskap og erfaring frå ei rekke fagfolk, som alle ser gjentakande feil og manglar i barnevernet, i sak etter sak. Tidlegare barne- og likestillingsminister Solveig Horne ønskte å ta opp tråden frå bekymringsmeldinga og innkalla hausten 2015 til eit dagsseminar med ei rekke representantar frå barnevernssystemet, for å diskutere meldinga. Forsamlinga var stort sett merkeleg lite nysgjerrig på

ELLES DYKTIGE SAKSBEHANDLARAR FÅR KORKJE ROM ELLER INCENTIV TIL Å UTVIKLE SEG TIL SJØLVSTENDIGE OG EMPATISKE MENNESKE.

innhaldet i meldinga. Det vart sagt at barnevernet trong ros – og ikkje ris, og heile seansen bar preg av eit nokså unisont forsvar for systemet. Sanninga er vel den at vi har eit godt fungerande barnevern med tanke på mange av dei oppgåvene dei står framføre, men samtidig finst det eit ukjent tal enkeltsaker om omsorgsovertakingar der vi ser svikt i alle ledd.

Bakgrunnen for bekymringsmeldinga om barnevernet er at vi er mange som, gjennom arbeidet vårt med enkeltsaker, i møte med familiar, gjennomgang av utgreiingar og sakkunnige rapportar frå barnevernet, har sett innsida av eit system som i ein del saker ikkje fungerer slik ein kan forvente av ein institusjon som har så omfattande og inngripande påverknad på skjebnen til enkeltmenneske. Altfor ofte møter vi eit system med ein lukka og autoritær kultur, og utan evne til å innrømme feil. Vi ser avgjerder om omsorgsovertakingar fatta på eit svært tynt grunnlag, konklusjonar som ikkje er i samsvar med faktagrunnlag og vurderingar. Ofte ser vi ei manglande evne til å møte familiane med tillit og empati. Difor blir det heller ikkje skapt rom for gode relasjonar der ein klarer å bruke dei ressursane folk har, og avdekke endringspotensial.

EMPATISKE SAKSBEHANDLARAR

Å vurdere kva som er god nok omsorg, kva kulturelle vilkår som ligg til grunn, kva som er eigne fordømmar eller ei altfor trong forståing av normalitet – og kva normalitet kan vere – er eit krevjande arbeid. I vurderinga oppstår spørsmål om kor mykje ulikskap vi kan tole, ulike måtar å vise kjærleik på, og tilknytning mellom vaksne og barn. Sentrale omgrep som blir tekne i bruk for å vurdere omsorg, er tilknytning, mentalisering, evne til å samarbeide, evne til endring. Dette høyrer plausibelt ut, men ofte er det uklart kva som ligg til grunn for bruken av omgrepa. Ofte er det oppfatningar og synsingar ut frå eigne personlege preferansar og livshorisontar som avgjer korleis omgrepa blir brukte. Det mangesidige og nyanserte nettet som menneskelege relasjonar og tilhøyr inneber, kan i ein del saker synast å bli feia over med eit lettvent, standardisert omgrepsapparat og med fortolkingar som ikkje speglar det faktagrunnlaget og dei objektive funna som ligg føre.

Å gjere vedtak tufta på såpass komplekse og saman-

sette storleikar krev at dei tilsette ved kvart enkelt barnevernkontor er både audmjuke, opne og har innsikt i eigne verdiar. Ein påstand er at for mange kontor har vorte dysfunksjonelle organisasjonar, og at dei difor gjer omfattande feilvurderingar med alvorlege konsekvensar for dei som blir råka. Elles dyktige saksbehandlarar får korkje rom eller incentiv til å utvikle seg til sjølvstendige og empatiske menneske.

Før eg går vidare med å belyse svake ledd i nokre av dei utgreiingsprosessane som ligg til grunn for vedtak om omsorgsovertaking, vil eg minne om at det finst mange gode døme på godt sakkunnig arbeid, og at barnevernet tek omsorga for barn med svært gode grunnvingingar. Vi veit at mange barnevernkontor fungerer godt og ikkje vil bli råka av kritikken her. Vi er òg godt kjende med store ulikskapar i barnevernstenestene rundt om i landet. Kanskje er det også difor vi ser døme på familiar som flyttar frå kommune til kommune – frå kommunar der forholdet til barnevernet så å seie har gått «i lås», der dei lever under reell frykt for å miste omsorga for barna. Etter flytting til ny kommune opplever familiane at barnevernstenesta opnar opp for eit anna samarbeid og kjem fram til ein annan og positiv konklusjon om omsorgssituasjonen til barna.

Slike saker er skremmande, særleg fordi så mykje står på spel – fyrst og fremst for barna og familien. Kvar sak der barnevernet har overteke omsorga på feil grunnlag, er éi sak for mykje. Og difor er det viktig å sjå kritisk på det utgreiingsarbeidet som ligg til grunn for dei vedtaka som blir fatta.

GJENNOMSIKTIG UTGREIING

Utgreiingar og vedtak som leier til overtaking av omsorg, blir i første omgang utførte av barnevernet sjølv. For å sikre kvaliteten på vedtaka, og for å legge grunnlag for dei rettslege vedtaka i samband med dette, blir det òg henta inn vurderingar frå andre, mellom andre oppnemnde sakkunnige psykologar. Vurderingane i barnevernet og ikkje minst frå dei sakkunnige psykologane blir ikkje sjeldan tillagde avgjerande vekt når saka kjem i retten. Og nettopp difor må vi forvente at det blir stilt strenge krav til uavhengigheit, grundigheit og vitskapleg tilnærming i rapportane. Det er eit stort ansvar å formidle observasjonane frå heimane på

måtar som gir dommaren ei forståing og oversikt over rammevilkåra, metoden og samanhangen mellom observasjon, vurdering og konklusjonen i utgreiinga.

Stikkordet for utgreiinga må vere at ho er gjennom-siktig. Ein bør vere så etterretteleg som mogleg, og nærme seg oppgåva sakleg: Kva veit vi om fakta i saka? Kva trur vi? Kva bygger vi trua på? Kva observerer vi sjølve? Kva er uttale frå andre, kven seier kva, og kor truverdige er dei?

Argumentasjonen må vere direkte, vise samanheng mellom premissar og konklusjon, det må vere mogleg å etterprøve resonnementa. Er ein usikker, må ein gjere merksam på det. Ein må skilje systematisk mellom beskriving og vurdering. Fagfolk må òg vise om dei tek stilling til alternative fortolkingar av den røyndomen som blir beskriven.

Mange av oss som arbeider i feltet, underteikna inkludert, har erfaring med enkeltsaker der saksbehandlarane i barnevernet, sakkunnig psykolog og andre fagfolk, til dømes utgreiingssenter, BUP, mødreheimar og liknande, forsømmer seg grundig på fleire av desse områda. I praksis ser vi at forsøminga kan føre til vedtak om omsorgsovertaking fatta på feil grunnlag. Typiske fallgruver eller «gjengangarar» er rapportar som i liten grad drøftar betydninga av bestemte observerte hendingar ut frå *ulike* hypotesar om kva dei står for. Dette gjer det vanskeleg å vurdere analysane frå dei sakkunnige, kor djupt dei stikk, om alternative fortolkingar har vore seriøst drøfta, eller om ulike sakkunnige primært har følgt i spora til kvarandre. Det er vanskeleg å vite om den sakkunnige relativt ukritisk har basert seg på gjettingar og subjektiv «synsing», eller ukritisk har gitt tilslutning til kva andre fagpersonar har konkludert med før dei. Slik kan uholdbare slutningar følgje sakene vidare i dei ulike rettsinstansane – som ein roten planke i botnen – og bidra til feilaktige avgjerder i retten.

Vi er etter kvart mange fagfolk som har erfart at det òg kan vere grunnlag for å sjå nærmare på rolla til dei juridiske dommarane i rettsalen. Vi har sett døme på saker der dommarar i altfor stor grad overlèt til dei sakkunnige å trekke konklusjonane. Større transparens i argumentasjonen til den sakkunnige ville gjort det mogleg for juristane å vurdere faglege innspel på område dei ikkje er fortrulege med, meir sjølvstendig. Alternativet er at juristane ikkje eigentleg har noko grunnlag for å vurdere framstillinga og konklusjonane

frå den sakkunnige, men må forhalde seg til dei som til eit slags orakelsvar. Dommaren sluttar å utøve sitt eige gode, juridiske, praktiske og fornuftige skjønn. Vi ser at den eine dårleg funderte avgjerda bygger på den andre, med dramatiske konsekvensar for barna og familiane.

I enkelte tilfelle, der dei biologiske foreldra har god økonomi, vel foreldre å bruke eigne midlar på alternative psykologar for å greie ut saka på nytt. Vi ser rett nok ein tydeleg tendens til at dommarar ikkje tillegg konklusjonane frå desse sakkunnige same vekt som konklusjonane til sakkunnige som er oppnemnde av det offentlege. Vitneutsegner frå private partar får heller ikkje same status som vitne kalla inn av det offentlege. Altfor ofte ser vi at biologiske foreldre utan særlege økonomiske ressursar er sjanselausa overfor eit stort og mektig offentleg apparat. Kor mange saker det faktisk dreier seg om, er det ingen som veit – men i og med at vi no er fleire hundre fagfolk som beskriv dei

same feila og manglane i enkelt-saker, må det dreie seg om eit betydeleg tal.

DET ER VANSKELEG Å VITE
OM DEN SAKKUNNIGE
RELATIVT UKRITISK HAR
BASERT SEG PÅ GJETTINGAR
OG SUBJEKTIV «SYNSING»,
ELLER UKRITISK HAR GITT
TILSLUTNING TIL KVA
ANDRE FAGPERSONAR HAR
KONKLUDERT MED FØR DEI.

BUKKEN OG HAVRESEKKEN

Eit anna tema er problemstillingar knytte til habilitet, og faktumet at det i ein del saker er barnevernet sjølv som oppnemner sakkunnige psykologar til å greie ut omsorgssituasjonen for barna i dei biologiske familiane. I desse tilfella blir barnevernstenesta å sjå som godt betalte oppdragsgivarar for dei sakkun-

nige. I første omgang skal dei sikre at vedtaka hjå barnevernet sjølv er fatta på rett grunnlag. Ofte er det dei same psykologane som blir brukte til å greie ut sakene, og etter kvart oppstår tette band mellom dei sakkunnige og oppdragsgivaren, barnevernkontora. Når dei sakkunnige rapportane blir utarbeidde, ser vi altfor sjeldan at dei sakkunnige stiller seg kritisk til barnevernet, eller at dei kjem med alternative forståingar eller løysingar, jamfør det som kjem fram i dokumentasjonen frå barnevernet. Sakkunnige fortel at dersom dei går imot barnevernet sine vurderingar i fleire saker, blir dei heller ikkje kontakta for vidare oppdrag. Dette er godt betalte oppdrag, og mange sakkunnige har slike saker som einaste levebrød. Det er ein skandale at denne ordninga har fått drive på over så lang tid. Som ei følgje av omfattande kritikk dei siste åra, ikkje minst gjennom den alt nemnde Bekymringsmeldinga, ser det ut som om denne ordninga vil bli både meir rettferdig og meir fornuftig innretta når den nye barnevernlova er på plass.

ALTFOR OFTE SER VI AT BIOLOGISKE FORELDRE UTAN SÆRLEGE ØKONOMISKE RESSURSAR ER SJANSELAUSE OVERFOR EIT STORT OG MEKTIG OFFENTLEG APPARAT.



Som tidlegare nemnt ser vi i dag ein del barnevernskontor med både lukka og usunne kulturar. Fleire av dei manglar evne til å innrømme feil, til å ta innover seg ny informasjon slik at ein kan snu om på dårlege avgjerder, til ikkje å la det gå prestisje i sakene. Fleire av dei er ikkje opne for innsyn, diskusjon eller refleksjon, er ikkje audmjuke og viser ikkje respekt i møte med utsette familiar.

Eg har ofte stilt meg spørsmålet kvifor det er slik. Kva er det som får oss – som presumptivt oppegående, fornuftige, velutdanna menneske – til å utføre arbeidet vårt utan tilstrekkeleg etikk og integritet, vitskapeleg forståing og empati? Kan sosialpsykologien gi oss noko av svaret?

I ulike eksperiment har ein sett etter korleis menneske fungerer i ein regelstyrt organisasjon med autoritære trekk. Det har vist seg at dei aller fleste av oss tilpassar oss normer, reglar og verdier vi blir eksponerte for, relativt fort. Særleg gjeld dette organisasjonar som ikkje mottek impulsar utanfrå, og der motførestillingar blir bagatelliserte. I eksperimentet den amerikanske psykologen Stanley Milgram gjennomførte i 1961, ser vi korleis menneske raskt tilpassar seg systemet i konforme samfunn. Eksperimentet viser korleis menneske går langt i å utføre handlingar som fører til smerte og skade hjå andre – stikk i strid med kva dei ville ha forventet av seg sjølve som moralske, empatiske individ.

Det er òg interessant at Milgram brukte data frå Noreg (og Frankrike) i forsøka sine. Nordmenn – som lever i eit konformt samfunn – viste tydeleg større tilpassing til det som var pålagt og forventet av dei. Resultatet frå eksperimentet til Milgram vart langt på veg stadfesta av Philip Zimbardo i eit liknande eksperiment, Stanford Prison Experiment frå 1971. Dei som leia eksperimenta, hadde høg autoritet, og reglane var svært rigide. Utfallet av eksperimentet var at deltakarane svært raskt tilpassa seg rollene sine; dei vart høvesvis underdanige (fangane) og autoritære utan manglande innleving (fangevaktarane) – trass i at deltakarane var velutdanna, informerte menneske med normal etisk standard.

Eksperimentet viser at dei fleste tilpassar seg til og med umenneskelege og vonde handlingar. Når det gjeld ukulturen ved ein del barnevernskontor, som er obser-

vert av mange fagfolk, er også den prega av lukka og regelstyrte miljø. Det blir ikkje oppfordra til sjølvrefleksjon, her er heller ikkje jamleg evaluering av eigen praksis eller eiga evne til å tenke sjølvstendig kring bruken av lover og reglar. Og når ein samtidig sit med stor makt til å gripe inn overfor sårbare familiar, oppstår farlege scenario. Kanskje er forventningane som ligg i lova, over evne for mange; ein skal med avgrensa kunnskap og tronge rammevilkår gå inn i ein familie både som hjelpar og kontrollør. Mange som jobbar i barnevernet, er svært unge og har heller ikkje nødvendig kompetanse. Ein kan sjå for seg at manglande samsvar mellom makt og kompetanse fører til usikkerheit når det gjeld meistring av det komplekse feltet ein er sett til å handtere. Ein blir var for kritikk, går i forsvar og lukkar seg mot innsyn og innspel utanfrå.

LUKKA SYSTEM – KVA TRENGST?

Slik eg ser sektoren, er empati og relasjonskompetanse å rekne som dei to viktigaste eigenskapane om ein skal gjere ein god jobb i barnevernet og familiesektoren. Manglar ein desse, kan det påverke kulturen og arbeidet som skal gjerast. Utan relasjonskompetanse – her handlar det også om å vere personleg eigna og ha empati i møte med utsette familiar – klarar ein heller ikkje å opparbeide den tilliten og atmosfæren som må til for å avdekke ressursar og endringspotensial hjå omsorgspersonane. Relasjonen «låser seg» – ein klarer heller ikkje å gjere ei heilskapleg vurdering eller å setje inn riktige tiltak. Blir det ikkje skapt god relasjon, står ein òg i fare for å gå glipp av den nødvendige innlevinga som må til for å sjå barnet og familien som heilheit.

Ynskjer ein å avdekke og styrke ressursane i kvar enkelt familie og å få fram eit nyansert og vitskapeleg sett haldbart faktagrunnlag, er det avgjerande at ein klarar å vere tydeleg, vise tillit, empati og evne til å skape dialog, samtale og handtere sårbare konfliktområde. Dette gjeld òg i dei sakene som fører til omsorgsovertaking. Her er det uhyre viktig at saksbehandlarane har støtte i ein tydeleg og kompetent leiarskap.

Fagkompetanse er sjølvstendig svært viktig, men som eg har prøvd å belyse, er ivaretaking av ein sunn og open organisasjonskultur avgjerande for å skape eit godt barnevern. Etter mi vurdering er det difor eit

stort behov for å utvikle kvart enkelt barnevernskontor til demokratiske og lærande organisasjonar, med gode system for feilhandtering.

Då eg som ung psykolog på 1980-talet kom inn på barnevernskontora i samband med ulike oppdrag, vart eg stort sett møtt med velvilje for innspel utanfrå og ein vilje til dialog om å finne gode, breitt funderte løysingar. I dag ser det ikkje så lyst ut. Fagfolk som ynskjer å reflektere rundt enkeltsaker, som kjem med alternative forslag, blir ofte møtte med skepsis, lukka medarbeidarar (ofte under dekke av teieplikta) og ein manglande vilje til samtale om gode løysingar på eit breitt grunnlag. Klimaet i rettssalen har også endra seg. Regjeringsadvokatens klare oppfordring på 1980-talet var at det ikkje var om å gjere for det offentlege å vinne barnevernssaker, men å bidra til å finne gode løysingar. I dag er klimaet annleis: Kommunen sine advokatar, med all verdas ressursar, fører ein svært offensiv prosess og ser det utelukkande som si oppgåve å vinne saka for barnevernet, same kva som kjem fram av dokumentasjon og informasjon i retten, og som kan setje saka i eit anna lys. Med tanke på at det offentlege og deira advokatar har heilt andre rammevilkår for å prosedere saka enn motparten, fortonar dette seg som ein Davids kamp mot Goliat, der David blir den tapande parten.

Avspeglar denne klimaendringa i barnevernet dei siste 30 åra ein trend i samfunnsutviklinga, som eit uttrykk for eit større bilde? Opprør og oppgjer med autoritetar og elite på 1970-talet førte til at staten og alle styrande organ vart sette under lupa for kritisk gjennomgang. Det var ikkje sjølvstendig den gongen at

lovene, reglane og forordningane som var utarbeidde av byråkratiet, nødvendigvis var til det beste for utsette grupper og individ. Også her var det behov for ei kritisk tilnærming og eit krav om å tenke sjølv, som ein vedvarande prosess i alle forvaltningsorgan. Lever vi i dag i eit samfunn som trur for sterkt på at staten er ufeilbarleg, at rettstryggleiken blir ivareteken, og at rettferda vinn fram ved hjelp av dei omfattande regelsystema og sikringsmekanismane i forvaltninga og rettsvesenet? Utgjer ikkje dette ein fare for at vi ikkje lenger kan tenke sjølv, at vi ikkje sjølve klarar å ta stilling til og ansvar for dei dilemma vi står overfor, men snarare lener oss til trua på at offentlege prosessar fungerer etter hensikten? Slik sluttar vi kanskje å vere på vakt overfor openberr urett i samfunnet, overfor staten som køyrer over enkeltindivid eller utsette familiar som kanskje ikkje alltid har tilstrekkelege ressursar, verken økonomisk eller menneskeleg, til å gjere sin posisjon tydeleg og kjempe for si sak.

«Dette ville eg ikkje trudd var mogleg i ein rettsstat som Noreg ...» Slike utsegner er representative – gjen- gangarar – både frå «offer» og fagfolk, etter direkte erfaringar med systemet og handtering av omsorgsovertaking. Er den største hindringa for endringa at vi, vanlege borgarar – i vår naive tru på ufeilbarlege, offentlege styresmakter – ikkje fattar at dette er mogleg i Noreg, landet med «verdast beste barnevern»? Mi erfaring som sakkunnig i helsetilsynssaker og i samband med tvangspsykiatrien viser skremmande parallellar til det eg har omtala her.

Er demokrati og rettstryggleik i ferd med å bli ein illusjon i mykje større grad enn det vi trur? ●